



Kartverket

RADØY KOMMUNE
RADØYVEGEN 1690
5936 MANGER

Dykkar ref.:

Vår ref.: aldcat
Sak/dok.: 8296287/

Dato:
30.09.2014

Dokumentet har manglar og kan ikkje tinglysast

Saka gjeld gnr. 36 bnr. 7 i 1260 Radøy kommune

Vi har vurdert arealoverføringa de har sendt inn for tinglysing. Dokumentet har manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse det.

Kva må til for at dokumentet kan tinglysast?

For at vi skal kunne tinglyse arealoverføringa må arealet som skal overførast vere heftelsesfritt. Det er tinglyst eit pantedokument på gnr. 36 bnr. 7. Det må derfor sendast inn med påteikning om pantefrafall for det aktuelle arealet. Dette følger av matrikkellova § 15.

Vidare er det uoverensstemmelse mellom areal oppgitt i melding og areal oppgitt i erklæring om arealoverføring. Vi ber difor om at de korrigerer meldinga/erklæringa slik at dei samsvarer. Vi viser til tinglysningslova § 8, jfr. tinglysningsforskriften § 4.

De kan fasthalde kravet om tinglysing

Sender de dokumentet inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta mangelen vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottek kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglysningslova § 7 og § 9.

Praktisk informasjon

Vi sender med dette tilbake alle dokumenta. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre www.tinglysing.no. Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 08700. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00. Saksbehandlar har telefon 32 11 30 11.

Med helsing
Statens kartverk Tinglysing



Cathrine Sjøblom Aldersjøen
saksbehandlar